

HISTORIA OM TRE VASSTJUVERI OG ÉIN AKSJON

Handlinga i «Spelet om Mardøla» er lagt til åra 1969 og 1970, men det politiske spelet starta mykje tidlegare og fortsette lenge etterpå. Her er ei tidslinje.

- 1906–1912:** Investoren Ragnvald Blakstad kjøper opp alle vassrettane i Eikesdalen for til saman 70.950 kroner. Han sel rettane vidare til A/S Aura for 1.344.820 kroner.
- 1913:** Aurautbygginga startar, men blir stansa av den første verdskrigen.
- 1947:** Staten har overtatt som eigar av A/S Aura. Stortinget vedtar landets største kraftutbygging til da.
- 1954:** Aursjøbassengen er fylt opp. Vatnet går til Aura kraftverk på Sunndalsøra. Derved kan Sunndal Verk opne og den nye aluminiumsbyen bli skapt. Elvene Aura og Eira får sterkt redusert vassføring.
- 1958:** Stortinget vedtar Takrenneprosjektet, som vil ta enda meir vatn frå Aura, Eira og Eikesdalsfjella.
- 1958:** Hovudstyret i Norges Vassdrags- og Elektrisitetsvesen (NVE) gjer dette vedtaket: «Grensen for den reduksjon av elvas felt som kan skje uten uforholdsmessige store skadefirkninger er nådd. Planen om å om å bygge ut Mardalsfossen ved overføring av vannet til Romsdal, bør derfor etter Hovedstyrets mening skrinlegges.»
- 1966:** Trass i dette sokjer Statskraftverkene (NVE) om å få bygge ut Mardola/Grytten-anlegget. Eit tredje vasstjuveri, seier bygdefolk.
- 1969:** Arbeidet med anleggsveg opp frå Romsdalen startar, sjølv om utbygginga ikkje er vedtatt. Vegen kjem inn på Eikesdal Sameige sin grunn. Folk i Eikesdalen og Eresfjord er opprørte og kjenner seg lurt.

1970:

- 25. mai:** Stortingets industrikomite kjem på befaring, og blir møtt av skulelever med plakatar på ferjekaia på Øverås: «La Mardøla få vere i fred!»
- 18. juni:** Stortinget vedtar utbygginga, med overføring av vatnet til Romsdalen. Dette blir den tredje store utbygginga på 20 år som tar vatn frå dalføret.
- 25. juli:** Mardølaaksjonen er i gang, med fem telt og rundt 50 aksjonistar. Arbeidet på anleggsvegen blir stansa. Aksjonen får så godt som full oppslutning i Eikesdalen og Eresfjord. Ein ny allianse av bygdefolk og tilreisande naturvernalar har oppstått.
- Juli/August:** På det meste er ca. 250 aksjonistar i leiren i Sandgrovbotn samtidig. Mardølaaksjonen blir slått stort opp i norsk og internasjonal presse. Dette er blant verdas første aksjonar med bruk av ikkjevaldeleg sivil ulydighet i ei miljøsak.

Mardølaaksjonen
er i gang. Høgt oppe
i fjellheimen blir
anleggsmaskinene
stansa av demonstrantane
strantar i ein teltleir.

Foto: Asbjørn Stenberg



6. august: I nabokommunen Rauma, som vil få vatnet og kraftverket, blir det organisert ein motaksjon. «Raumahæren» på rundt tusen menneske blir sleppt forbi vegsperringa av politiet. Stemninga er aggressiv. For å unngå vald, går deltakarane i Mardølaaksjonen med på å flytte leiren bort frå vegtraséen.

7. august: Bygdefolk går opp til Sandgrovbotn om natta og etablerer ein ny teltleir i vegtraséen. Dei var ikkje til stades dagen før, og er derfor ikkje bundne av løftet om å trekkje seg unna. Pågangsmotet er stort; ei folkevogn blir boren rundt vegsperringa.

27. august: Mardølaaksjonen er over. Aksjonsleiar Sigmund Kvaløy organiserer ei siste markering med ei handfull demonstrantar, blant dei medfilosofen Arne Næss. Bilda av Kvaløy og Næss som blir borne bort av politiet er ikoniske.

1972: Påverka av Mardølaaksjonen får Norge verdas første Miljøverndepartement.

1973: Den første Verneplanen for vassdrag blir vedtatt av Stortinget.

1970-talet: Mardølaaksjonen inspirerer til ei rekke aksjonar for vern av vassdragsnatur, blant anna på Hardangervidda, i Nordmarka, i Rauma/Ulvåa og i Alta.

1986: Stortinget vedtar Samla plan for vassdrag. For første gong har Norge ein landsomfattande plan for forvalting av vassdraga.